



Geir Borge  
Seimsstranda 516  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/14077 - 20/58333

Saksbehandlar:  
Astrid Riise  
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:  
17.09.2020

## Registrert fleire avvik i septiktank - gbnr 177/4 Neset

**Tiltak:** Utskifting septiktank  
**Byggjestad:** Gbnr: 177/4  
**Tiltakshavar:** Geir Borge og Lena Cecilie Brynhildsen

Alver kommune har den 11.08.2020 motteke melding frå Norva24 AS om at det ved tømning den 21.07.2020 vart registrert fleire avvik i septiktanken på eigedommen dykkar, med adresse Seimsstranda 516, 5912 Seim. Det vart meldt om at tanken er full av filler, og av jord som renn inn i den. Dette fører til at tanken ikkje fungerer slik den skal og fører til at massen i tanken kan sige utanfor lokket og forureine grunnen. I verste fall kan kloakk komme inn i avløpsrøret og inn i kjeller/sluk. Framandelement (her: filler) i tanken gjer at tanken ikkje kan tømmast med vanleg tømmebil. Totalinntrykket av tanken er i følgje Norva24 at den er øydelagd og må skiftast ut. Tanken må tømmast først. For å få tømt tanken, må de ta kontakt med Norva24 AS, telefonnummer 5778 1170.

### **Frist for å gjennomføre dette blir satt til 01.10.2020.**

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørge for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått, skal den ansvarlege sørge for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga, jf. forureiningslova § 7.

Septiktanken er av gamal type med avsig rett ut i grunnen, noko som ikkje er tillatt lenger, Tanken må difor skiftast ut med eit godkjend minireinseanlegg.

### **Alver kommune oppmodar dykk om å skifte septiktanken ut med eit minireinseanlegg. Frist for dette arbeidet vert sett til 17.03.2021.**

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan pålegge dykk å utbetre forholdet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureiningslova §§ 7 og 73.

Dersom de meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at de ikkje har plikt til å utbetre tilstanden, ber vi om at de tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få utbetra eit avløpsanlegg må de kontakte eit godkjent rørleggarføretak. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan de sjølve utføre arbeidet.

Når septiktanken er tømt, må de fylle ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen.

Skjema sender de til

- [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no) eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

**Aktuelt regelverk:**

- Plikt til å unngå forureining følgjer av forureiningslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureiningslova kapittel 9.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Astrid Riise  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Tilbakemelding om utført arbeid - Alver kommune

**Mottakarar:**

Geir Borge	Seimsstranda 516	5912	SEIM
Lena Cecilie Brynhildsen	Seimsstranda 516	5912	SEIM